

Hei!

Eldar IL vil på vegne av Sindre Ure Søtvik søkje om stønad som kan bidra til å nå nokre av måla hans. Sindre er inne i sitt 23 år og kjempar dagleg mot å nå måla han har satt seg i idrotten han driv; kombinert. Han er oppvachsen på Oppheim i Voss kommune, men flytta til Lillehammer då han var 16 år for å studere ved Noregs Toppidrettsgymnas. Her bur – og trivs han enno. Lillehammer kan tilby sikre treningsforhold for Sindre året rundt.

Sindre fortel at han som liten gut vart kalla ein drøymar. Å drøyme gjer han endå, men måla er nok meir målretta no enn før. Den store draumen til Sindre er å ta medalje for Noreg under dei Olymiske leikane i Pyeongchang, Sør-Korea i februar 2018. Han har beskriv denne dagen for oss i Eldar IL, slik han ser føre seg den...

*...Eg står opp tidleg om morgonen for å gjennomføre morgenjoggen. Eg kjenner med eitt at dette er ein god dag, då beina har mykje overskot og kroppen den riktige spenninga. Tanken om OL-gull kjem snikande, men eg greier fort å flytta fokus over på arbeidsoppgåver, då dette er essensielt for å presta maks. I hoppbakken går det så det susar! Eg får til eit kanonhopp og går kjempehøgt inn for landing. Nedslaget eg set minner mistenkeleg om det Lars Bystøl satte i OL i Torino i 2006.*

*Stilkarakterane er flotte; 19.5, 19 og 20. Eg har eit flott utgangspunkt med 37sek ned til nærmeste konkurrent, Lukas Greidrer frå Austerrike. Den gode kjensla eg hadde på morgonen viser seg å vera riktig, då eg går i frå Greidrer i starten av løpet. Men, etter 5 km har han plutselig plukka sekundar og er nesten oppe i ryggen min. I det eg ser skiltet som syner 1 km att til mål er han oppe. Eg tømmer kroppen for krefter... Eg er suveren inn mot mål... så suveren at eg rekk å plukke med meg det norske flagget. Tårene kjem fort på medaljeseremonien, i det nasjonalsongen ruvar på høgtalarane. Tankane vender attende på dei 10 000 timane som krevs, på familie, på venner og alle som har bidrige...*

Pyeongchang er det langsiktige målet til Sindre, men han har også sett seg nokre kortssiktige mål knytt til komande sesong: NM-medalje i sesongstart på Beitostølen i november, vera fast inventar på verdscup-laget gjennom sesongen, topp 10 i enkeltrenn i verdscupen.

For at han skal få oppfylt draumen og nå måla sine er han avhengig av stønad frå ytre omgivnader. Me i Eldar har årleg gitt Sindre stipend, i tillegg til bidrag frå nærmiljø og familie, men dette strekk dverre ikkje heilt til for at han skal kunne hevde seg i topssjiktet. Og drive som toppidrettsutøvar på heiltid er dyrt. Fyrst og fremst med tanke på utstyret som idretten krev, reise, kost og losji. Men, også husleige, straum, bilutgifter og andre utgifter ein har i kvardagen.

Me i Eldar er veldig stolte av å ha Sindre på laget vår og håpar at de er ein av dei som bidreg?

***Vil han kunne tenkje tilbake på deg som ein støttespelar når han står på pallen i Pyeongchang? Me i Eldar føler oss trygge på at me er i tankane hans den dagen.***

Her er noko av resultata hans så langt i karriera:

- 2011/2012: Utteken på Team Morgendagens Helter (Skiforbundet, Statoil)
- 2011/2012: 1.plass Junior NM (eldre junior), 5 km sprint.
- 2011/2012: 2.plass Junior NM (eldre junior), 10 km Gundersen
- 2011/2012: 4.plass Junior VM, lagkonkurranse (18. og 20. plass individuelt)
- 2014/2015: 4.plass Senior NM, 10 km Gundersen (slo OL-vinnar Jørgen Graabak og OL-bronsevinnar Magnus Krogh)
- 2014/2015: 1.plass enkeltrenn i Continentalcup (COC), Planica, 10 km Gundersen
- 2014/2015: Ei rekke 2. og 3. plasseringar i Continentalcup (COC)
- 2014/2015: 5.plass samanlagt Continentalcup. Hadde for få renn til å hevda meg i toppen grunna deltaking i WorldCup-renn.
- 2015/16 : 2.plass i NM senior (slo verdscupvinnar Jørgen Graabak)
- 2015/16 : Deltok i 6 COC renn med varierande resultat.

Bak seg har han også 10 verdscuprenn. Han har teke poeng i 2 av 10 renn.

- 5 renn i 2013/2014 sesongen
- 5 renn i 2014/2015 sesongen

Med venleg helsing

Monica Ure

-leiar i Eldar IL-